

REFERAT FRÅ MØTE I BRUKARRÅDET 9. juni 2016

Til stades:

Kari Bygnes Brun	> LPP (Landsforeningen for pårørende i psykisk helse)
Janniche Kristengaard	> RIO (Rusmisbrukernes interesseorganisasjon)
Tone Haugen	> VfB (Voksne for Barn)
Katrine Holgersen Warvik	> repr. Seksjonsleiar ved Haugaland og Karmøy DPS
Turid Mattson	> repr. Seksjonsleiar i Seksjon for spesialiserte tenester, Haugesund
Synnøve Bredal Bjelland	> Undervisningsleiar ved HK DPS, sekretær BR

Ikkje til stades:

Vibeke Skjold	> Mental Helse
Heine Hagenberg	> Seksjonsleiar i Seksjon for spesialiserte tenester, Haugesund
Arne Andreas Døske	> Seksjonsleiar ved HK DPS

09/2016 **Godkjenning av innkalling og saksliste**
Godkjent.

10/2016 **Godkjenning av referat frå 11. januar 2016**
Godkjent.

11/2016 **Vidareføring og drøfting av aktuelle saker som har blitt tatt opp i leiarmøte ved HK DPS**

- Understreka kor viktig IP er.
- Barn som pårørende: Kurs om migrasjon 1. og 2. desember.
- Unngå leiande spørsmål til pasientar i prosessen med innskriving. Det kan ha blitt jobba lenge med eit nødvendig opphald, der pasienten kan bli overtalt til å unngå dette.
- Store bivirkningar med gamle psykofarmaka, dette bør koma meir fram. Invitera brukarrepr under helsepersonell sitt møte med legemiddelrepresentantane?
- IMR-prosjekt i psykosekjeden (poliklinikk og døgnavdeling ved HDPS). IMR står for Illness Management and Recovery; hos oss definert som livsmeistring. Familiearbeid er òg valgt som fokusområde. Det blir m.a. starta fleirfamiliegruppe til hausten.

12/2016 **Rapportar frå ulike arbeidsgrupper**

- Janniche Kr. har overtatt for Kari B. Brun i arbeidsgruppa for medikamentfrie behandlingalternativ. Det må presiserast kva som ligg i dette begrepet.
- «Transport av psykisk sjuke». Ei utfordring at politiet ikkje møter i arbeidsgruppa. Det skal lagast ein app med informasjon om helsevesenet.
- «Bygg 2020»: ROP-posten skal hit til HDPS, er visstnok siste avdeling som flytter. Alderspsyk. og geriatrisk avdeling flytter i 2023, etter planen.

- Alderspsyk. avdeling har eit godt samarbeid med kommunane via SAMSA, eit opplærings- og vegleiingskonsept som går over 12 veker.

13/2016

Evt.

- Janniche vil utforma spørsmål om evaluering av våre tenester, blir rusperspektivet tatt på alvor i døgnpostar og poliklinikkar, samt bruk av erfaringskonsulent i vår organisasjon. Desse spørsmåla kan leggjast fram for leiargruppa og drøftast i neste utvida leiarmøte.
- Det finnest ein gentest som kan slå fast om personen er slow- eller fast-metabolizer. Dette har betydning for medikamentdosen. Finna ut meir om dette.
- Er det slik at NAV definerer medikamentell behandling som «ekte behandling»? Dette må me òg undersøkje vidare.